



Statsforvaltaren i Møre og Romsdal

HØYRING AV FORSLAG TIL SKOGVERN



UTVIDING AV TODALSDALEN NATURRESERVAT, AURE KOMMUNE

Høyringsfrist 15.05.2026

2019/1482



Framside: Flomskogsmark langs Todalselva (Foto: Øivind Leren)



Bakgrunn

Gjennom behandlinga av stortingsmeldinga Natur for livet – Norsk handlingsplan for naturmangfald (Meld. St. 14 (2015-2016)) vedtok Stortinget ei opptrapping av skogvernet i Noreg til 10 % av skogarealet. I februar 2026 var omlag 5,5 % av skogarealet og ca. 4,2 % av den produktive skogen verna i Noreg. Det er eit nasjonalt miljømål at *«et representativt utval av naturtypene i skog blir verna for kommande generasjonar»*. Vern av skog er også viktig for å nå fleire av dei andre miljømåla, til dømes at *«utrydding av trua artar i skog skal opphøyrast og status for artar i nedgang skal ha blitt forbetra innan 2020»* og at *«mangfald av naturtypar i skog skal bli tatt vare på eller gjenoppretta innanfor sitt naturlege utbreiingsområde, og slik at alle stadeigne artar finns i levedyktige bestandar»*.

I stortingsmeldinga vert auka skogvern framheva til å ha stor positiv effekt på trua artar i skog, og Regjeringa vil vidareføre det langsiktige arbeidet med skogvern. Dette skal skje ved vern av offentleg eigd skog og ved friviljug vern av privateigd skog. Friviljug vern inneber at skogeigarane tilbyr staten vern av eigen skog.

Dersom ein har naturfagleg kunnskap om det aktuelt tilbodsområde frå før, kan slike data bli lagt til grunn for ein eventuell verneplanprosess. Dersom området ikkje er kartlagt tidlegare, vil miljøvernstyresmaktene også vurdere tilbodet og sette eventuelt i gang med naturfaglege registreringar for å kartlegge verneverdiar. I Møre og Romsdal er ein vesentleg del av den verneverdige skogen kartlagt tidlegare og aktuelle data er tilgjengelege i www.naturbase.no.

Om det på bakgrunn av ei slik registrering vil vere aktuelt å fremme eit verneforslag for det aktuelle arealet, skal det gjennomførast forhandlingar med grunneigar om avgrensing, verneforskrift og økonomisk erstatning. Når staten og grunneigar er kome til semje om desse punkta, vil området gjennomgå ei vanleg saksbehandling i tråd med naturmangfaldlova.

Tilbodet

Statsforvaltaren har fått tilbod om friviljug skogvern på gnr 21 bnr 2, 7, 11 og 23 i Todalen i Aure kommune. Det omfattar ei utviding av Todalsdalen naturreservat med ca. 1200 dekar skog på nordsida av Todalsdalen. Tilbodet vart framsett i brev frå ALLSKOG SA den 17.03.2025.

Det naturfaglege grunnlaget for eit vern er basert på undersøkingar gjort av Finn Oldervik 2001, Ulrike Hansen i 2015 og Geir Gaarder i 2008, 2010 og 2013. Det er kartlagt 7 naturtypefigurar som verdi A eller B som heilt eller delvis er med i tilbodet:

Hardfjellet sør BN00062458 (delar) - Rik edellauvskog (2008)
Kvistdalen vest BN00062461 – Rik edellauvskog (2008)
Todalen nord BN00076616 – Rik edellauvskog (2010)
Spjøtneset vest BN00076615 - Rik edellauvskog (2013)
Spjøtneset nordvest BN00092226 – Gammel boreal lauvskog (2013)
Spjøtneset nord BN00092227 – Gammel boreal lauvskog (2013)
Fjellbekkelva – nedre del BN00062460 – Gråor-heggeskog (2008)

I 2023 gjennomførte Natur og Samfunn ei kartlegging av fuktskogar, og det vart påvist flomskogsmark og høgstaudeskog langs Todalselva (Langelo 2023).

Dette naturgrunnlaget viser at området har svært kvalitetar for vern som naturreservat. Tilbodsområdet er ikkje samanhengande, men består av 5 delområde med kort innbyrdes avstand. Fire av delområda heng fysisk saman med eksisterande naturreservat. Det går ei kraftline og ein landbruks-



/anleggsveg opp Kvistdalen, men det er ikkje store inngrep som bryt den økologiske samanhengen mellom delområda. I vest går utvidingstilbodet ned mot fylkesveg 6186.

Statsforvaltaren har takka ja til tilbodet om igangsetting av verneplanprosess for ei mindre utviding av Todalsdalen naturreservat, og meldte oppstart av verneplanprosess for området 03.02.2026.

ALLSKOG skal takserer skogen i tilbodsområdet saman med Staten sin skogsakkunnige, og det blir forhandla fram ein erstatningsavtale med grunneigarane. Området vil ikkje bli tilrådd verna før avtalen om erstatning er signert, men ALLSKOG har på vegne av grunneigarane akseptert at planprosessen vert sett i gang.

Heimelsgrunnlag

Vern av spesielle område eller førekomstar skjer i medhald av lov av 16. juni 2009 om forvaltning av naturens mangfald (naturmangfaldlova) jf. §§ 33-51. I naturmangfaldlova er det gjeve heimel for vedtak av ulike vernekategoriar. Vernekategorien naturreservat, som er det strengaste vernet etter naturmangfaldlova, blir foreslått brukt for skogsområda i dette verneplanframlegget. Naturmangfaldlova § 37 i har slik ordlyd:

«Som naturreservat kan vernes områder som inneholder truet, sjelden eller sårbar natur, representerer en bestemt type natur på annen måte har særlig betydning for biologisk mangfold, utgjør en spesiell geologisk forekomst, eller har særskilt naturvitenskapelig verdi.

Som naturreservat kan også vernes et område som er egnet til ved fri utvikling eller aktive gjenopprettings tiltak å få verneverdier som nevnt i første ledd.

I et naturreservat må ingen foreta noe som forringer verneverdiene angitt i verneformålet. Et naturreservat kan totalfredes mot all virksomhet, tiltak og ferdsel. I forskriften kan det gis bestemmelser om vern av kulturminner i reservatet.

Treffes vedtak om reservat som krever aktive gjenopprettings tiltak, eller vedtak om reservat der bruk er en forutsetning for å ivareta verneformålet, skal det samtidig med vernevedtaket legges frem et utkast til plan for skjøtsel for å sikre verneformålet. Planen kan omfatte avtale om bruk av arealer, enkeltelementer og driftsformer. Planen eller avtalen kan inneholde bestemmelser om økonomisk godtgjørelse til private som bidrar til områdets skjøtsel.»

Saksbehandling

Naturfaglege registreringar

Det tilbydde området er ei sørvendt li langs Todalen, inkludert noko av elvedalen. Utvidingsområdet er rik edellauvskog verdsett til kategori A (svært viktig). Andre delar av tilbodet har gammal boreal lauvskog, og nede i elvedalen er det ein svært viktig flommarksskog.

Av artar dominerer hassel, med innslag av alm, bjørk, osp, rogn, hegg og gråor. Det er furu i øvre delar. Det er registrert planter som er knytt til den boreonemorale sona, slik som ramslauk, sanikel, kjempesvingel, skogstorr, lundgrønaks, junkerbregne, gullstjerne og lerkespore. Heilt nedst i området med gråor/heggeskog er det også innslag av høgstauder som strutseving og tyrihjel.

I området er det påvist den raudlista lavarten bleik kraterlav (VU), og det er alm (EN) fleire stader i utvidingsområdet.



Av framande artar må nemnast at det er planta litt gran i og inntil området, og platanlønn er i ferd med å spreie seg inn.

Oppstartsmelding

Statsforvaltaren sende ut melding om oppstart av verneplanprosessen for utviding av Todalsdalen naturreservat i Todalen til fleire aktuelle interessepartar i brev av 03.02.2026. Frist for innspel til planarbeidet var sett til 06.03.2026.

Fråsegner

Det kom tre fråsegner til oppstartsmeldinga. Statnett har ingen merknader, medan Språkrådet tykkjer at Todalsdalen naturreservat framleis er eit dekkjande namn. Møre og Romsdal fylkeskommune gjer merksam på at fylkesveg 6186 går rett i nedkant av framlegget, og viser til tilsvarande problemstilling for utvidinga av Vik naturreservat. Dei peikar på behovet for vedlikehald og sikring, og ønskjer å drøfte dette med Statsforvaltaren.

Brukarinteresser

Slike lågareliggande skogar har tradisjonelt vorte utnytta til hogst og beite. Det er mindre hogst av ved, men det er planta noko gran inntil utvidingsområdet. Området vert også nytta til friluftsliv som jakt, fiske og turgåing. Vi har gjennomført ei analyse av verknaden på skogbruk som viser at utvidinga har liten negativ verknad på skogbruket lokalt og regionalt. Denne er vedlagt.

Ei 22 kV kraftline går langs grensa til verneframlegget i vest. Denne kryssar eksisterande naturreservat, og det er alt teke høgde for drift og vedlikehald av denne kraftlina i verneforskrifta.

Fylkesveg 6186 går nedom utvidingsframlegget over ei strekning på ca. 1,6 km. I tillegg ligg også litt av eksisterande naturreservat nær vegen. I slike tilfelle vil vegeigedommen ikkje vere med i naturreservatet, då vegeigar naturleg nok ikkje har tilbydd vern. Dette gjeld veganlegget med vegbane, grøfter og skjeringar. Utfordringane gjeld steinsprang, nedfalne tre, jordsig, skred m.v. Verneforskrifta får unntak for akutte tiltak mot tras og skred. Fylkeskommunen har ingen konkrete planer om sikringstiltak, men peikar på behovet. Statsforvaltaren foreslår ingen spesiell dispensasjonsheimel i forskrifta, men vil peike på at naturmangfaldlova § 48 heimlar dispensasjon for slike tiltak med stor samfunnsnytte. Ei slik behandling vil også kunne vere meir målretta.

Avgrensing

Sjå vedlagt vernekart.

Verneforskrift

Verneforskrifta for Todalsdalen naturreservat er frå 2020, og det er ikkje behov for større endringar enn å justere areal og eigedomsoversikt, få med flomskogsmark som ny naturtype, samt ta inn eit unntak for akutte tiltak mot ras og skred. Tilbodet om utviding medfører ein auke på ca. 20 % av arealet.



Figur 1 Spjøtneset vest med rik edellauvskog og fylkesveg 6186

Vidare saksgang

I samsvar med naturmangfaldlova og saksbehandlingsreglane i denne, sender Statsforvaltaren med dette verneframlegget på høyring.

Det blir gjennomført forhandlingar med grunneigar om erstatning, og etter at det vart semje om avgrensing og framlegg til forskrift.

Etter denne lokale og sentrale høyringa, vil Statsforvaltaren, på bakgrunn av høyringsdokument og innkomne fråsegner, skrive ei tilråding til Miljødirektoratet. Direktoratet fremmer så saka for Klima- og miljødepartementet som deretter vil førebu ho og legge fram eit forslag om vernevedtak for Kongen i Statsråd.

Etter vernevedtaket ved kgl. res. vil erstatningar bli utbetalte i samsvar med avtalane. Statsforvaltaren får så i oppdrag å gjere vedtaket kjent og sørge for at reservatet blir merka og skilta. Merking og oppmåling blir gjort av jordskifteretten etter krav frå Statsforvaltaren om grensegang og merking.

Ut frå normal saksbehandlingstid kan eit vernevedtak tidlegast ventast i desember 2026.



Forskrift om endring av forskrift om vern av Todalsdalen naturreservat, Aure kommune, Møre og Romsdal

□

Fastsett ved kongeleg resolusjon ... med heimel i lov 19. juni 2009 nr.100 om forvaltning av naturens mangfold (naturmangfoldloven) § 34 og [§ 77]. Fremma av Klima- og miljødepartementet.

I

I forskrift 27.11.2020 nr. 2509 om vern av Todalsdalen naturreservat, Aure kommune, Møre og Romsdal, gjer ein følgjande endringar:

§ 1 skal lyde:

Føremålet med forskrifta er å ta vare på eit stort og variert skogsområde som inneheld trua og sjeldan natur i form av rik edellauvskog, *flomskogsmark*, *gammal* boreal lauvskog og *gammal* furuskog, og som er leveområde for fleire trua og sjeldne lav- og soppartar.

Det er ei målsetting å behalde verneverdiane i mest mogeleg urørt tilstand, og eventuelt vidareutvikle dei.

§ 2 skal lyde:

Naturreservatet berører følgjande gnr./bnr.: Aure kommune: 21/1, 21/2, 21/3, 21/7, 21/8, 21/9, 21/10, 21/11, 21/12, 21/23.

Naturreservatet dekkjer eit totalareal på ca. **6589** dekar fordelt på *fem* delområde som ikkje heng saman. Grensene for naturreservatet går fram av vedlagte vernekart datert *Klima- og miljødepartementet desember 2026*. Dei nøyaktige grensene for naturreservatet skal merkast av i marka. Knekkpunkta skal koordinatfestast.

§ 4 nytt punkt:

m. naudsynte akutte tiltak mot ras og skred av omsyn til trafikktryggleik på fylkesveg 6186

II

Forskrifta trer i kraft straks.



Mal for skogfaglig beskrivelse av enkeltområdene som tilbys for frivillig vern og offentlig grunn som vurderes for vern

Fylke	Møre og Romsdal
Kommune	Aure
Område	Todalsdalen nr utv.
Gnr/Bnr	Gnr. 21 bnr. 2, 7, 11 og 23

Tømmertilgang (arealer, kubikkmasse, infrastruktur, foredling) som påvirkes

Skogvern, tømmertilgang og avvirkning i aktuell fylke/kommune	Kommune		Fylke	
	Areal	Kubikkmasse	Areal	Kubikkmasse
Foreslått skogvern produktivt skogareal	597	5000		
Foreslått skogvern totalt skogareal	1031	6000		
Foreslått skogvern totalt areal	1205	XXXXXXXXXX		XXXXXXXXXX
Eksisterende skogvern produktivt skogareal	5 115		53 855	
Eksisterende skogvern totalt skogareal	10 458		105 320	
Eksisterende skogvern totalt areal		XXXXXXXXXX		XXXXXXXXXX
Gjennomsnittlig avvirkning siste 5 år		13 083		271 481
Stående volum og produktivt skogareal	205 159		2 826 463	
Stående volum og totalt skogareal	322 489		4 460 244	
Kommentar til hvordan tømmertilgangen påvirkes				
Tømmertilgangen påvirkes ikke, da det aller meste av alle disse 5 områdene allerede i dag er underlagt restriksjoner som naturtyper, eller ligger i svært vanskelig drivbart terreng.				
Dette forslaget er i sin helhet et komplementerende vern, som binder sammen og utvider eksisterende vernede områder.				
Kilde til data: Kilden Skograpport				

Tilbudt/vurdert område

Arealer fordelt på produksjonsevne (AR5)					
Høg bon. (26-17)	Middels bon. (14-11)	Låg bon. (8-6)	Totalt produktivt areal	Totalt skogareal	Totalt areal
201	379	17	597	1031	1205
Kommentarer til området og hvordan omkringliggende områder påvirkes					
Verneforslaget følger en sørvendt skrent i Todalsdalen, og vil påvirke området lite, da terrenget allerede er svært utfordrende, stedvis uframkommelig. Område 5, «Kjøllmyra- Pallen» er myrlendt område med Naturtype «Gråor-heggeskog, og rundt bekkeoset ut i Todalselva.					
Kilde til data: Kilden Skograpport					



Treslag, areal og kubikkmasse						
	Hkl. I-III		Hkl IV-V		Sum	
	Produktivt areal	Kubikkmasse	Produktivt areal	Kubikkmasse	Produktivt areal	Kubikkmasse
Grandominert						
Furudominert			50	700	50	700
Lauvdominert			447	4300	447	4300
SUM						
Herav nøkkelbiotoper						
Kommentarer til området og hvordan omkringliggende områder påvirkes						
Slik vi tolker effektene av vernet, er det liten påvirkning på arealene rundt, da det aller meste av produktive areal er allerede underlagt vern eller andre restriksjoner. Det eneste er evt eiendom 21/13, som vi ikke kan se at er med på verneforslaget, innerst på Kvistdalsvegen, som vil få en vanskeligere tilkomst til sine areal, da eneste farbare vei er over elva, om ikke vernegrensen skal forseres vestover mot Kvistdalsvegen.						
Kilde til data:						
3			Gruppering	Produktivt skogareal	Kubikkmasse	
Aktuelt driftsutstyr/maskiner			Hjul-/beltegående	97	1000	
			Taubane, leker m.m	400	4000	
Transportavstand til leveringsplass/bilveiskant på hogsttidspunktet			<1500 m	450	4500	
			1500-2500 m			
			>2500 m			
Kommentarer til området og hvordan omkringliggende områder påvirkes						
Det er lite om noen spor av hogstaktivitet i området, slik vi kan se det. Noe areal knytt til Kvistdalsvegen kunne vært nyttet, men som i dag er underlagt andre restriksjoner, og effekten av vernet vil derfor bli svært liten.						
Kilde til data:						
Infrastruktur					Kubikkmasse	
Bortfall av kubikkmasse til skogsbilvei					1000	
Bortfall av kubikkmasse til togterminal						
Bortfall av kubikkmasse til tømmerkai						



Kommentarer til hvordan eksisterende, planlagte og mulige nye investeringer påvirkes

Disse 1000 m³ er primært lauv, knytt til Kvistdalsvegen, noe som i dag har en meget begrenset verdi, evt som ved, og utgjør ingen relevant verdi som drivbart tømmer. Sporadisk furu i det samme arealet er allerede båndlagt eller i taubaneterreng, men må vurderes negativt for verdiskapinga, da det ikke kan drives regningssvarende.

Kilde til data:

Oppsummering

Verbal beskrivelse:

- Skogvern – betydning for skog- og trenæringen lokalt og regionalt
- Skogproduksjon
- Driftsforhold
- Infrastruktur

Tømmertilgang - tallmessig beskrivelse:	Areal	Kubikkmasse
A Har betydning		
B Kan få betydning		
C Har mindre betydning	497	5000

Verbal beskrivelse:

- Oppsummering og vurdering i forhold til konsekvenser for avvirkningen, konsekvenser for skog- og trenæringen lokalt og regionalt.

Tømmertilgangen påvirkes ikke, da det aller meste av alle disse 5 områdene allerede i dag er underlagt restriksjoner som naturtyper, eller ligger i svært vanskelig drivbart terreng.

Dette forslaget er i sin helhet et komplementerende vern, som binder sammen og utvider eksisterende vernede områder. Det finnes veier i området, men drift til disse er ikke relevant, annet enn ved en eventuelt skogreising/treslagsskifte, eller noe vedproduksjon. I praksis utgjør dette vernet intet bortfall av volum til treindustrien.



Skjema for avveining av områders betydning for vern og betydning for tømmertilgangen

Todalsdalen naturreservat - utvidelse

Tabell 1 Nøkkeldata for området

Navn på område	Todalsdalen naturreservat - utvidelse				
Totalt areal	1205 daa	Produktivt skogareal	597 daa	Totalt skogareal	1031 daa
Fylke	Møre og Romsdal				
Kommune	Aure				
Eierform	Privat				

Formål

Avveiningen skal sikre at skogvernet bidrar effektivt til å oppfylle de nasjonale målene for naturmangfold, samtidig som vernet gjennomføres på en slik måte at det får minst mulig konsekvenser for skog- og trenæringen.

Betydning for skogvernet

Tabell 2 Oppsummering - verneforslaget sin betydning for skogvernet

Verbal oppsummering og vurdering			
• Sjå utgreiing, naturbase.no			
Verneverdi	Svært høg	Nær truete og truete naturtyper	Rik edellauvskog, flomskogsmark
Mangelinndekning	Svært høg	Restaureringspotensial for truet natur.	Kort sikt (0-20 år). Fjerning av introdusert gran
Betydning for økologisk nettverk	Stor	Kan manglene dekkes annet sted, med mindre skogbruksmessig betydning	Nei
Nær truete og truete arter	Alm (EN), bleik kraterlav (VU)		
Konklusjon		Har betydning	
Verbal beskrivelse:			
- Området fangar opp 2 truga naturtypar med eit stort tilfang av raudlisteartar - Området vil kunne bli tilgjengeleg for ulike tekniske inngrep. Ein mistar heimelen til å fjerne spreidde framande artar og introduserte artar som gran. - Utvidinga styrkar eksisterande naturreservat ved ei betre arrondering			

**Betydning for skog- og trenæringen**

Tabell 3 Oppsummering – verneforslaget sin betydning for skog- og trenæringen. Oppsummeringen baseres på opplysninger som framkommer for den skogfaglige malen som ble utarbeidet i deloppdrag 1

Verbal oppsummering og vurdering:		
• Skogvern – betydning for skog- og trenæringen lokalt og regionalt • Skogproduksjon • Driftsforhold • Infrastruktur		
Tømmertilgang - Tallmessig beskrivelse	Areal	Kubikkmasse
Gruppe S1-S3 Har betydning		
Gruppe S4-S6 Kan få betydning		
Gruppe S7 Har mindre betydning	497	5000
Verbal beskrivelse: Tømmertilgangen påvirkes ikke, da det aller meste av alle disse 5 områdene allerede i dag er underlagt restriksjoner som naturtyper, eller ligger i svært vanskelig drivbart terreng. Dette forslaget er i sin helhet et komplementerende vern, som binder sammen og utvider eksisterende vernede områder. Det finnes veier i området, men drift til disse er ikke relevant, annet enn ved en eventuelt skogreising/treslagsskifte, eller noe vedproduksjon. I praksis utgjør dette vernet intet bortfall av volum til treindustrien.		

Områdets betydning for skogvernet og for skog- og trenæringen

Tabell 4 Områdets betydning for skogvernet og for tømmertilgangen.

Betydning for vern	Har	V1	V1S7	V1S6	V1S5	V1S4	V1S3	V1S2	V1S1
		V2	V2S7	V2S6	V2S5	V2S4	V2S3	V2S2	V2S1
		V3	V3S7	V3S6	V3S5	V3S4	V3S3	V3S2	V3S1
	Kan få	V4	V4S7	V4S6	V4S5	V4S4	V4S3	V4S2	V4S1
		V5	V5S7	V5S6	V5S5	V5S4	V5S3	V5S2	V5S1
		V6	V6S7	V6S6	V6S5	V6S4	V6S3	V6S2	V6S1
	Har mindre	V7	V7S7	V7S6	V7S5	V7S4	V7S3	V7S2	V7S1
			S7	S6	S5	S4	S3	S2	S1
			Har mindre	Kan få			Har		
			Betydning for tømmertilgangen						

Området plasseres i matrisen. Plassering markeres med blå farge.



Avveining

Tabell 5 Avveining mellom hensynet til skogvern og hensynet til skog- og trenæringen

Konklusjon	
Vern gis prioritet	Ja
Arealreduksjon	Nei
Området har to truga naturtypar og eit stort utval av raudlisteartar. Det er skogtypar som er underrepresenterte i verneområda i fylket. Vern vil sikre området mot uheldig påverknad. Potensialet for skogsdrift er lite. Her er mest lauvvirke.	